

## Varm velkomst, ingen jobb



Oscar Sandoval og Mar Hidalgo er på jobb jakt i og rundt Tysnes, der dei har slått seg ned.

Vårt Land 11.08.12

# 'Euroflyktningar må ha jobb før dei flyttar'

Astrid Dalehaug Norheim

astridnor@vl.no

22 310 417

Nav fryktar det blir vanskeleg for euroflyktningar som flyttar før dei har fått jobb.

– Det er ikkje så lett å få arbeid i eit nytt land som ein kanskje skulle tru. Arbeidsgjevarar er opptekne av å få kvalifisert arbeidskraft og at dei kan språket, seier strategisk rådgjevar Frode Storvik i Nav Hordaland.

– **Plikt til å hjelpe.** Ordførar Kjetil Hestad (Ap) i Tysnes i Hordaland vil ha fire familiar til kommunen i år. Han har fått mykje merksemd etter at han inviterte euroflyktningar frå Spania som kan bidra til å oppretthalde busetnaden i distriktskommunen.

I byrjinga av august flytta ekteparet Oscar Sandoval og Mar Hidalgo med to born frå Spania til Tysnes. Denne veka startar dei jobb jakt i og rundt kommunen.

Ordførar Hestad samarbeider med Robin Hood-huset i Bergen, som driv ein CV-database der arbeidssøkjande euroflyktningar kan registrere seg.

– **Plikt til å hjelpe.** – Vi har ein sterk plikt til å hjelpe, seier ordførar Kjetil Hestad (Ap).

## ARBEIDSMARKNAD

Det er 71.738 registrerte arbeidsledige i Norge.

**14.572 stillingar** er registrert ledige hos Nav. Mange stillingar vert aldri lyst ut.

**EURES** er eit samarbeid om flyt av arbeidskraft mellom EU/EØS-landa og Sveits. Her vert ledige stillingar registrert og jobbsøklarar kan legge inn CV. 1.289.923 ledige stillingar og 911.978 CV-ar ligg i basen.

Kilde: Skatteetaten, NAV

### «Vi har ein sterk plikt til å hjelpe»

Kjetil Hestad (Ap),  
ordførar i Tysnes

Arbeidsløysa i Spania er no rundt 25 prosent. Verst er det blant unge, der nesten halvparten er utan arbeid.

– *Kor mange ledige jobbar har de eigentleg på Tysnes?*

– Bedrifter i kommunen har ledige jobbar for tømrarar og elektrikarar. Tysnes kommune står framfor eit generasjonsskifte og treng arbeidskraft, men det er ikkje i år. Her er det klart at bedriftene til ei viss grad må stille opp og ta sosialt ansvar, seier Hestad.

**Kontakt.** Tysnes kommune subsidierer ikkje husleige til familiarne, men hjelper til å formidle kontakt mellom utleigar og leigarar. Kvar dag får ordføraren telefonar og e-postar

frå spanjolar som er interesserte i å flytte.

**Ikkje rett på dagpengar.** Euroflyktningar som flyttar til Noreg har ikkje rett på arbeidsløysetrygd.

– Dei må først opparbeide seg rettar gjennom å ha inntekter i landet, seier strategisk rådgjevar Frode Storvik i Nav Hordaland.

For å få dagpengar må ein ha tent minst 123.000 kroner året før, eller minst 246.000 kroner dei tre siste åra. Fram til 1. juni vart det skrive ut 26.400 fleire skattekort til statsborgarar frå EU/EØS og Sveits enn på same tid i fjor, viser tal frå Skattedirektoratet. Det er ein auke på 11 prosent.

**Mange innvandrarar.** Det fins ikkje oppdatert statistikk over kor mange arbeidsinnvandrarar Noreg har, men utskrivning av skattekort gjev ein peikepinn. Men også personar som jobbar i ein svært kort periode og mottakarar av trygdeytningar og pensjon får skattekort.

På eit møte i slutten av månaden vil ordførar Hestad be andre kommunar i Sunnhordland gjere det same. Mange av nabokommunane har allereie stor arbeidsinnvandring. Både Kvam og Stord kommunar har rundt 9 prosent innvandrarar. I Kvam er det 774 innvandrarar, Stord har dobbelt så mange.

– Dei er heilt avgjerande for næringslivet, seier ordførar Liv Kari Eskeland (H) til Bergens Tidende.

# Påkjørt og kastet ned fra bro – nå er han på beina igjen

Fireåringen som ble påkjørt og kastet på sjøen fra den 37 meter høye Andøybrua, er tilbake i barnehagen en knapp måned etter ulykken.

**Uten mén.** – Han kommer fra det uten varige mén. Du snakker om å ha hell i uhell. Verken du eller jeg hadde overlevd dette. Så når dette går bra, er det helt fantastisk, sier ordfører Geir-Inge Sivertsen til Nordlys. Han er ordfører i Lenvik kommune og en venn av familien.

Ulykken 20. juli skjedde da gutten sto sammen med sin far på Andøybrua, som går over Risøysundet i Vesterålen. Gutten rev seg løs fra farens hånd, gikk ut i veien og ble påkjørt av en bil. Sammenstøtet førte til

at gutten ble kastet over rekkverket og ned i havet. Gutten falt ned fra midten av brua, der det er 37 meter ned til vannflaten.

**Raskt oppe.** Faren kom seg ned fra brua og i en båt, slik at han fikk hentet sønnen opp av vannet. Det tok bare sju-åtte minutter fra ulykken skjedde og faren ringte politiet til gutten var oppe av vannet og i sikkerhet.

Fireåringen ble fløyet til sykehus i Tromsø med alvorlige skader. Nå er han utskrevet, og ifølge Sivertsen ser han ut til å bli helt frisk igjen.

– Gutten er på føttene igjen. Han er i barnehagen, og alt går bra med ham. Det er helt fantastisk, sier Sivertsen. ©NTB

## 'SJØMATNÆRING KAN SEKSDOBLES'

■ I løpet av 40 år kan størrelsen på norsk sjømatnæring mer enn seksdobles, anslår forskere i en ny rapport. Sjømatnæringen i Norge omsetter i dag for 90 milliarder kroner. For-

skerne forutsetter kraftig vekst og en omsetning for 250 milliarder kroner i 2030. I 2050 tror de omsetningen vil ligge på 550 milliarder kroner, skriver Aftenposten. ©NTB


## Båttur på Oslofjorden!

Lørd 25/8 kl 10-17. Seilbåt fra Rådhusbrygga i Oslo til Langøyene

Dette er dagen for alle som vil ut på fjorden og nyte sommerværet!

Vi griller, bader, slapper av og nyter noen timer i Oslos vakre skjærgård.

Påmelding og info: [www.nms.no/ost](http://www.nms.no/ost) eller ring 22 57 85 50



## Velkommen til kurs

Sjelesorg i møte med sorg og krise  
27. august – 29. august

**Kurset vil berøre temaer som :**  
verdien av å fortelle, hemmelig og tabubelagte tap, ritualenes betydning for bearbeidelsen av sorgen, fastfrosne sorg, troen som ressurs og nettverkets betydning.

Institutt for Sjelesorg, 3370 Vikersund  
E-post: [sjelesorg@modum-bad.no](mailto:sjelesorg@modum-bad.no)  
tlf.nr: 32749830

